OFFENTLEG INFORMASJON

HYRDINGEN

Nr. 4 November–Desember 2026 ÅRGANG 68

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Dåp i Vats kyrkje 13. september

Sjå side 2.

God Jul

Biskopen sin juleandakt	s. 2	Kyrkjene mintest kong Harald	s. 6	Støtteanonsar	s.12
Dåpen	s. 1 & 2	Samanslåing av fellesråda	s. 7	Frå kyrkjeboka	s.12
Redaksjonspennen	s. 3	Takt og Utakt i Skjold kyrkje	s. 7	Gudstenestelista	s.13
Min Song	s. 3	Søsterkyrkjene	s. 8	Møte og arrangement	s.14
Gullkonfirmantane	s. 4	Jul og juletradisjonar	s.10	Julekonsertar	s.15
Nytt misjonsprosjekt i Skjold, Vats og Vikebygd	s. 5	Sandeid kyrkje blir finare	s.10	Sevenjentene – verdifull konsert	s.16
		Sorga er ein kvit blom	s.11	Drop-in bryllaup	s.16
Nytt kjøken i Vikebygd	s. 5	KORe' Vindafjord julekonsertar	s.11	Barnekor vil ha fleire med	s. 16

HYRDINGEN
Ansv. redaktør Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 531472
Adr.: Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:
Felles kontor i Skjold kyrkje
Kontortid etter avtale. Måndag er fridag.

Skjold, Vats og Vikebygd
Sokneprest Elisabeth Vatland Fauskanger
Tlf. 992 70 811, e-post: EF475@kyrkja.no
Kontor: Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Vikedal, Sandeid og Imsland
Sokneprest Eli Kolstad
Tlf. 909 97 717, e-post: EK675@kyrkja.no
Kontor: Kyrkjevegen 11, 5586 Vikedal

Ølen og Bjoa
Sokneprest Åse Selsvold,
Tlf. 456 05 184, e-post: AS953@kyrkja.no
Kontor: Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Kyrkjekontoret:
e-post: post.vindafjord@kyrkja.no

Kyrkjeverje Grethe Austevik Halvorsen
Tlf. 916 29 595, e-post: GH772@kyrkja.no
Kontor: Skjold kyrkje

Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 917 95 875
e-post: TV276@kyrkja.no

Kateket Britt Karstensen
Tlf. 452 21 580, e-post: BK827@kyrkja.no

Haugaland prosti:
Pb. 612, 5501 Haugesund
Prost Rune Steensnæs Engedal
Tlf. 52 80 95 00 / 918 34 019

Sokneråd, leiarar:
Skjold, Vats og Vikebygd:
Ingrid Mathilde Sørvåg
Ølen og Bjoa: Gunda Berge
Sandeid: Harald Olav Stuhaug
Vikedal: Tine Karin Årvik
Imsland: Marita Kvitno Staurland
Fellesrådet: Steinar Sørhus

Biskopen sin juleandakt

Av Tor Magne Nesvik
Biskop i Stavanger bispedømme



– Midt i alt som verkar håplaust, urovekkjande, mørkt og hatefullt, finst ei omvend, men sannare forteljing, skriv biskop Tor Magne Nesvik. Foto: Marie von Krogh

Jula snur opp-ned på alt

– I jula gjer eg som Maria. Eg slepp lyset frå Betlehemsmarkene og mysteriet frå den første julekvelden inn i hjartet, skriv biskop Tor Magne Nesvik.

«Me e i baglengsland», sa dei to barnehagegutane begeistra. Inspirerte av songen om Bakvendtland frå songstunda hadde 5-åringane teke ytterjakkene på seg bak fram. No traska dei baklengs på leikeplassen og klatra opp rutsjebana i staden for å renna ned. «Og i baglengsland er to pluss to kanskje hundre eller null eller någe, jaffal ikkje fira», sa den mest veslevaksne av dei. «Bilane berre rygge'», heldt kompisen fram, før han kom på at det jo var presten som var på besøk: «Ja, og Gud e' ikkje i himmelen, men på jordå!»

I så fall er jula ei feiring av at «baklengs» blir «framlengs». Me feirar at Gud kjem ned til jorda og snur opp-ned på ei rekkje tilsynelatande logikkar som me elles blir drivne av. Jesus peikar på korleis den siste skal bli den første, det svake kan vera sterkt, og fattig blir rikt. I jula feirar me at Gud viser oss at ei anna verd, ei anna meining, eit anna mål og ein annan livsveg er mogleg, enn den som er merkt med skilta «størst, mest og sterkast»!

Me feirar ein flyktningfamilie i Betlehem. Eit lite barn med ei mor og ein far som alt har reist langt, men som snart må flykta frå regimet til Herodes. Ei tenåringsmor og ein lojal mann som sikkert slit og strevar, men som òg får erfara det mest utrulege: englesong, gudsnærvær og eit oppdrag som fører dei inn i sentrum av verdshistoria.

Kva kan juleevangeliet fortelja oss? Eg tenkjer på alle som strevar, alle som står i krevjande livskampar, alle som lid, uroar seg og er redde. Måtte me klara å spreia varme og englesong inn i livet til kvarandre, om ikkje som på Betlehemsmarkene, så likevel så godt me kan!

«Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det», står det mot slutten av juleevangeliet. I jula gjer eg som Maria. Eg slepp lyset frå Betlehemsmarkene og mysteriet frå den første julekvelden inn i hjartet.

Eg les det, syng det, grublar på det og feirar: At midt i alt som verkar håplaust, urovekkjande, mørkt og hatefullt, finst ei anna forteljing. Ei omvend, men sannare forteljing. Den som endrar verda, gjer baklengs til framlengs og ber æva i seg. Forteljinga om at kjærleikens Gud steig ned til jorda og framleis er midt iblant oss. Forteljinga om at håpet, fryktløysa, lyset og kjærleiken framleis lever i beste velgåande!

Gledeleg jul!

Redaksjons-PENNEN

Av redaktør Steinar Skartland

Advent og julefeiringa er ei tid med mange tradisjonar og skikkar. Mange held fast på dei gamle tradisjonane, men ikkje alle. Nokre har ikkje den same tilknytinga til den kristne julefeiringa, men feirar på sin eigen måte. Nye landsmenn har med seg skikkar frå sine heimland som dei kan dela med oss. Det flottaste eg veit er at julefeiringa er ein ekstra grunn til å ha omsorg for kvarandre. Vi inviterer til måltid og julemiddag, og vi deler gåver med kvarandre. Er det nokon du kan invitera, som ikkje har sin familie så nær?

Advent er ei tid der vi førebur oss på den kristne julehøgtida dei siste fire vekene før jul. Kanskje har du ein adventskalender med ei luke for kvar dag? Det er kjekt for borna og spennande med kva dei finn bak luka i dag. Første sundag i advent er alltid fire sundagar før første juledag. I den lutherske og den romersk-katolske kyrkja markerer dette starten på det kristne kyrkjeåret. Advent blir rekna som fastetid. Difor er fiolett, som er fargen for faste, også den liturgiske fargen for advent. Fiolett – symboliserer førebuing, oppgjer og sorg.

Ordet «advent» kjem frå latin: adventus Redemtoris eller adventus Domini: Frelsarens ankomst.

I adventstida er det mange konsertar i kyrkjene våre. Dei samlar mange i kyrkjeromma. Julemusikk, både ny og gammal skal få hjelpa oss til å finna fred og ro i ein månad der mange stressar med julebakst, reingjering, pynting og førebuingar. «Som juleaftan på kjerringa» er eit ordtak som vert nytta heile året. Men i desember kjenner vi ekstra på at dagane vert korte for alt vi tenkte å vinna over. Likevel er det viktig å finna ro og fred i kvardagen.

Eg ynskjer deg ei fin adventstid og julehøgtid,

Min Song

André Hustoft Nesheim i samtale med Ingrid Sørvåg.

I denne utgåva av Hyrdingen er det André Hustoft Nesheim som har valgt seg ein song. André er skjoldabu, men han bur i Oslo. Det har blitt ein tradisjon at han kjem heim til jul, og held konsert i Skjold kyrkje. Her er han døypt og konfirmert, og dette er framleis «heimekyrkja». Då han blei utfordra til å velje ein song som skulle vera med i julenummeret vårt, trong han ikkje tenkja lenge. Songen «Fred» er med når André held julekonsert, og her fortel han kvifor.

Då Marthe Wang gav ut songen "Fred" vinteren 2024 traff den ei nerve hjå meg. Eg hadde gått rundt og tenkt at eg måtte gjere noko. Måtte skrive noko, om alt det forferdelege som går føre seg i verda, all uretten som blei utøvd.

Om borna som ikkje fekk sove og dei vaksne som valte å halde dei vakne. Heimar som brann og hatet mot dei som ikkje likna ein sjølv. Eg ønska meg ein kampsong, ein trøystesong, som kunne halde motet oppe. Ein måte å få fram alle dei følelsane eg kjende på. Å kjempe med ord og melodi. Også høyrde eg "Fred" og då trengte eg ikkje lenger å skrive låten, Marthe hadde skrevet den.



André Hustoft Nesheim. Foto: Kristoffer Nesheim.

Den låten var til meg, slik kjentest det. Den fekk fram alt det eg hadde forsøkt å formidle, men aldri fekk til å henge i hop. Marthe Wang skriv slik, sjølve teksten er lett, men bodskapet er tungt. Den har vorte ein av mine favorittsongar, og særleg knyter eg den til juletida. Dessverre er den like aktuell i dag.

"Ære være de som står i strider,
ære var han som går. Ære være hun
som puster ut når hjertet slår.
Ære være barna som skal sove,
med drømmer ingen barn skal ha.
Ære være det som ingen krig kan ta"

I 2024 sendte eg melding til Marthe og spurde om eg fekk lov å låne låta hennar. No har eg hatt den med meg på julekonsertane mine sida det, og eg gler meg til å spele den igjen i Skjold kyrkje 22. desember på julekonserten.

Dåp i Vats kyrkje 13. september

Biletet på framsida er frå dåpen av vesle Johan i Vats kyrkje 13. september.

Personane på biletet er frå venstre: Sokneprest Elisabeth Vatland Fauskanger saman med dåpsfamilien: Daniel Eidsheim, Ida Brekke, Elin Evjen Eidsheim, Maria Guttorm, Ragnar Tveit.
Fremst står: Nathalie Guttorm Salvesen og Theodor Guttorm Salvesen. (Foto: Kjell S. Bakke).

For meir informasjon om dåp og påmelding til dåp, sjå: vindafjord.kyrkjer.no/Dåp

«Fred»

Fred, e en bønn
E en tone, e min sønn
Fred, e an grenseløs
Eller kan an sløses vekk?

Fred, e et navn
Det e lengsel, e en havn
Fred, e det smertefritt
Når det øyet ditt i kveld?

Ære være de som står i strider
Ære være han som går
Ære være hun som puster ut når
hjertet slår

Ære være barna som skal sove
med drømmer ingen barn skal ha
Ære være det som ingen krig kan ta

Fred, e det ro?
E det stille tanker
e det varme fra kropp?
som et nyfødt barn,
Fred e mammas arm i kveld

Fred, ka ble sant?
Når ditt ansikt forsvant
under hjelm og makt og rang
Fred, den e funnet før
Bak en tung og sliten dør

Ære være de som står i strider
Ære være han som går
Ære være hon som puster ut når
hjertet slår
Ære være barna som skal sove
med drømmer ingen barn skal ha
Ære være det som ingen krig kan ta

-Marthe Wang



Jubilantane i Ølen og Bjoa

Første rekke frå venstre: Else Mette Nymark Rørtveit, Maryon Nymark, Marit Frønsdal Taksdal, Anne Grete Skålnes Vikestad, Øyvor Opstvedt Larsen.
Andre rekke frå venstre: Vidar Øvrevik, Tore Berge, Kjell Einar Eide, Marie Johanne Sørensen Tindeland, Liv Kari Hanssen Bødker, Anne Helen Godhavn Lunde, Anne Berit Tvedt Nyvoll, Evy Ljosnes, Anne Grete Djuve Heggebø,
Bakre rekker frå venstre: Eivind Hetland, Lars Toadalen, Inge Nerheim, Aslaug Espenes, Anne Blikra, Kåre Kvinnesland, Geir Magne Øvernes, Torstein Hauge, Elisabeth Eide Nordtveit, Ingvald Hundhammer, Anne Åsheim Stople,Anne Marie Lothe Blikra.
(Foto: Trond Ove Alvseike)



Jubilantane i Vats

Bakarst: Astrid Helene Nesheim Østhus, Anne Jorunn Eide Strand, Sigrund Langeland, Severin Fatland, Bjørg Alvseike Stokland, Inga Øverland Apeland, Arne Stokland.
Framme: Bente Nesheim Johansen, Wenke Karin Urdal Sørbotn, Nina Vierdal Vee, Ellen Krakk Ørland, Berta Skjervheim, Ansgar Nordtveit.
To av konfirmantane er døde: Kolbein Frøyland og Tor Andreas Ohm. Elles var det fleire som av ulike årsaker ikkje kunne vera med.
Gullkonfirmantane var fyrst samla laurdagskvelden på Vats skule for omvising på «gamleskulen». Så vart det lagt ned blomar på gravene til dei to som var døde. Etterpå var det ein gild fest på Nesheimstunet til god mat og drikke, quiz og ein lang og god drøs. Søndagen deltok dei på gudstenesta i Vats kyrkje. (Foto: Jon Olav Velde).



Jubilantane i Skjold

Framme frå venstre: Lise Brit Lothe Maldal, Anne Sofie Haraldseid Larsen, Oddny Synnøve Svantesvold Skjold, Liv Urdal Kvamme, Ingebjørg Mortveit og Mary-Anne Norås.
Bak frå venstre: Lars Johnny Wannberg, Arne Sigbjørn Langeland, Hans Gunnar Meland, Sven Haraldseid og Nils Olav Østrem.
(Foto: Kjell Sigmund Bakke)



Jubilantane i Sandeid

Frå venstre: Hans Grønnestad, Kjersti Furseth Dale, Ingebjørg Vestbø, Tone Karin (Hauge) Urdal, Solveig (Moland) Reimers, Helge Vestbø, Terje Helgeland, Tore Tokheim.
Konfirmantkullet var på 23 ungdommar. I tillegg til dei på biletet var det: Liv Kristine Auestad Henriksen, Anne Løe Matic, Johanne Lofthus Holmen, Anne Marit (Lærdal) Helgeland, Eldbjørg Ørke, Atle Vestbø, Leiv Arild Solland, Inge Fatland, Leiv Arne Garatun, Leif Kro, Sigve Moland, Olav Anders Stople, Einar Vestbø, Elisebet Viga (avliden) og Else Irene Finnvik (avliden). (Foto: Tine Karin Årvik.) ("jentenamn" i parentes)



Jubilantane i Vikebygd

Frå venstre: Kari Veastad, Anne-Brith Skogen Haakull, Terje Gausvik, Eli Sølvi Svendsbøe Aursland og Wenche Dommersnes Berget. Då dei var konfirmantar var det tre til, som ikkje hadde høve til å delta denne dagen: Normann Vik, Tove Kvamme Vågen og Wenche Ingunn Tindeland. (Foto: Steinar Skartland)



Jubilantane i Vikedal

Frå venstre: Helge Hamre, Kari Mo, Paul Ove Espevoll, Jostein Torstenbø, Torkel Espevoll, Randi Jensen, Svein Bjarte Holten (Foto: Tine Karin Årvik)

Nytt misjonsprosjekt i Skjold, Vats og Vikebygd

Av Elisabeth V. Fauskanger

Soknerådet skreiv i sitt møte 13. oktober under på ny misjonsavtale med NMS om landsbyutvikling og bibelomsetjing blant fulanifolket i Mali for åra 2027–2030.

Det nye testamentet og delar av det gamle testamentet er oversett til fulani, men nå arbeider ein for å gjere heile bibelen tilgjengeleg. I tillegg til bibelomsetjing vil det nye misjonsprosjektet i Skjold, Vats og Vikebygd òg støtte arbeidet NMS gjer i kampen mot kjønnslemlesting og barneekteskap, eit arbeid som sikrar kvinner og barn sine rettigheiter og gir betre levekår. Med støtte frå Norad er lokalsamfunn i Mopti-regionen i ferd med å endra haldningar og praksis. Det er eit sterkt vitnesbyrd om at kyrkjeleg arbeid kan skape sosial forvandling.



NMS-misjonær Frode Brügger Sætre som har arbeida mellom fulanifolket sidan 2008. Foto: Ole Andreas Husøy.



Ingrid M. Sørvåg signerer avtalen.

Soknerådet inviterer til misjonshelg i Skjold 9.–10. januar.
Me inviterer til Misjonshelg i Skjold kyrkje laurdag 9. januar og søndag 10. januar. Laurdag får me besøk av tidlegare Mali misjonær og nå soknepresten i Aksdal Gjermund Lygre som skal ha misjonsdag for heile familien. Søndag 10. januar kl.11.00 blir det misjonsgudsteneste med markering av nytt misjonsprosjekt i kyrkja i Skjold.

Nytt kjøken i Vikebygd kyrkje

Tekst/foto: Steinar Skartland

Det har lenge vore eit enkelt kjøken i sakristiet på nordsida av tårnet. Dette vart i haust fjerna på dugnad før firmaet Knapphus kjøkken installerte ei ny og praktisk innreiing i samarbeid med Helgevold elektriske og med benkeplata frå Skattkjær skiferindustri. Kostnad eks. mva. er på omlag kr 250.000, seier Arne Tveit som er arkitekt og medlem i soknerådet. Han har hatt ansvar for oppmåling, teikning og søknad til bispedømmet. Midlar har dei fått frå Bakkevikfondet.

- Det neste på planen for Vikebygd er betre sitjekomfort, fortel Arne som held på med søknad til biskopen om godkjenning for faste puter i benkene. Også dette skal dekkast av tilskott frå Bakkevikfondet.

- Det er endå ein del midlar igjen i "Bakkevikfondet for Støtte til Vedlikehold og Reparasjon av Vikebygd Kyrkje," fortel Øyvind Valen som sit i styret for fondet. Han legg til at fondet for barne- og unghdomsarbeid nå er brukt opp og vert avvikla.



Det nye kjøkenet i Vikebygd kyrkje.

Kyrkjene mintest kong Harald

Av Steinar Skartland
Foto: Jon Olav Velde og Steinar Skartland

I tida etter at kong Harald døydde, den 28. august 2026, vart han minst i kyrkjene våre på fleire måtar.

Same dagen klemta kyrkjeklokkene i ein time frå klokka 12.00. Taktfaste slag på den eine klokka. Flagga vart heiste på halv stong på offentlege bygg. Også fleire private let flagget hengja på halv stong denne dagen. Parken ved kyrkja i Vikebygd var ein av stadane der kyrkjetenaren heiste flagget. Først heilt til topps, før det vart senka til midt på stonga. Dag Hans Nagel-Alne, som er kyrkjetenar, fekk med seg Steinar Skartland slik at dei kunne dela på å la kyrkjeklokka kima i ein heil time. I nokre av kyrkjene var det automatisk ringing som gjorde dette lettare.

Klokka 13.00 på gravferdsdagen vart det i alle kyrkjer: tre slag på kyrkjeklokka, 1 minutts stillheit og så nye tre slag. Etter gravferda var det ringing i ein time i Ølen og Skjold kyrkjer.



Kondolanseprotokollen i Skjold kyrkje.

I Skjold kyrkje var det halde ope kvar dag fram til gravferda. Ein kondolanseprotokoll var lagt ut. Mange var innom, skreiv seg inn i kondolanseprotokollen og sat ei stund for å minnast kongen eller tenna lys. Borna kunne teikna sine minne. I Ølen og Vikedal var ope ein dag. Kondolanseprotokoll låg også ute ein dag i Vikedal og kvar dag på rådhuset. Kyrkja i Skjold inviterte dei som hadde lyst til å sjå gravferda på storskjerm.

– Me var kyrkjevakt i Skjold ein kveld og tok mot folk i ulike aldrar som ville skriva i kondolanseprotokollen og tenne lys, fortel Jon Olav Velde. Ungane laga teikningar som vart hengde opp på vegen inne i kyrkja. Både vaksne og familiar med born ville skriva eller teikna ei helsing til kongen.



Borna fekk teikna sine minne om kongen.



Mange ville skriva i kondolanseprotokollen.



Kyrkjetenar Dag Hans Nagel Alne klemtar med kyrkjeklokka.

Samanslåing av fellesråda i Tysvær og Vindafjord

Av Steinar Skartland

Frå 1.januar 2027 blir Vindafjord kyrkjelege fellesråd slått saman med fellesrådet i Tysvær til ein felles kyrkjeadministrasjon.



På biletet ser me frå venstre dei som i dag er kyrkjeverjer: Ottar Krakk og Grethe Halvorsen. Vidare fellesrådsleiarane: Steinar Sørhus (Vindafjord) og Ingvar Frøyland (Tysvær). Foto: Kyrkja

Frå sakspapira til Vindafjord kyrkjelege fellesråd kan ein lesa:
«Me har fått godkjent søknaden til Kirkerådet om samanslåing. Sidan søknaden er godkjent, har tilsettingsnemnda tilsett Ottar Krakk som ny kyrkjeverje i det nye fellesrådet og Grethe Halvorsen som assisterande kyrkjeverje.»

Kyrkjeverjene har 3 fellessamlingar med dei tilsette i begge fellesråda denne hausten, der ein jobbar med samarbeid og kulturbygging.

Målet med samanslåinga er å samla ressursane, styrka kompetansen og gi betre muligheiter til å utvikla meir spesialisert kompetanse. Ottar Krakk som i dag er kyrkjeverje i Tysvær blir kyrkjeverje i nye Tysvær og Vindafjord kyrkjelege fellesråd, mens Grethe Halvorsen blir assisterande kyrkjeverje. Dei tilsette vil i stor grad halda fram med oppgåvene sine i sokna der dei arbeider i dag.

Det nye fellesrådet vil ha 6 representantar frå kvar kommune, 2 kommunale representantar og 1 geistleg representant. Dei blir dermed eit stort fellesråd på 15 personar som vert samla 2-3 gonger i året i samband med budsjett og kva satsingsområde rådet skal ha. Dei skal så utpeika eit arbeidsutval (AU) på 6 medlemmer, 3 frå kvar kommune. For Vindafjord sin del vil det seia eitt medlem frå kvar av dei tidlegare prestegjelda. AU vil få fullmakter til å ta avgjerder i saker som treng handsaming undervegs i året. Kyrkjeverja møter fast både i fellesrådet og AU. Oppgåvene til fellesrådet er fastsett i «Kyrkjeordninga §17» og gjeld m.a. ansvar for bygg, eigedommar, arbeidsgjevaransvar, økonomi, planar og felles oppgåver for fleire sokn. Viktigaste inntektskjelde er tilskott frå kommunen.

Dei to kyrkjeblada, Hyrdingen og Kyrkjetonar, vil koma ut som før.

Takt og utakt med Kvindesland og Skjæveland

Tekst og foto: Ingfrid Byrkja Hystad, kulturutvalet



Per Øystein Kvindesland og Bjørn Olav Skjæveland.

Ein onsdagskveld i oktober inviterte kulturutvalet for Skjold, Vats og Vikebygd til humor og ettertanke med ein velkjend duo. Per Øystein Kvindesland og Bjørn Olav Skjæveland er særleg kjent for mange gjennom radioprogrammet Utakt som dei har spela inn i over 900 episodar. Når ein reknar deira felles innsats i lokalen på NRK Rogaland har dei over 3000 sendingar saman.

Skjold kyrkje var godt fylt med om lag 140 besøkjande. Det vart ein kveld som varierte stort i tema og innhald, levande formidla med bilete, film og ein fascinerande kjemi mellom aktørane. Kjappe kommentarar, vemodige tilbakeblikk og høg spontan latter frå publikum. Ispedd innslag frå Skjold og mykje å kjenne igjen frå nær og fjern fortid. Takk for godt oppmøte og ei svært trivelig stund.

Søsterkyrkjene på Askøy og i Sandeid

Tekst og foto: Nils Tokheim

Arkitekten Hartvig Sverdrup Eckhoff er mest kjent for fleire markante bygg i Stavanger, men han har òg teikna fleire kyrkjer på Vestlandet. To av dei er i Vindafjord.

Eckhoff levde frå 1855 til 1928. Han var født i Kristiansand, men flytta med familien til Stavanger som 3-åring etter at faren hadde fått jobb som lærar på misjonsskulen. Han starta 20 år gamal i lære ved arkitektkontoret til ein slektning i Christiana, men reiste så til München kor har tok tysk arkitektutdanning. Han byrja som privatpraktiserande arkitekt i Stavanger i 1881, berre 26 år gamal. Han blei raskt ein kjend arkitekt i byen, og det første større oppdraget han hadde var Rogaland Teater som var ferdig 1883. Det er sjølve teaterhallen og hovudbygget som er teikna av Eckhoff.

Seinare teikna han det som i dag heiter Stavanger gamle turnhall i 1891, Stavanger Museum i 1893 og Stavanger sykehus i 1897. Dette er markante bygg den dag i dag i Stavanger, og det spesielle er at alle desse fire bygga signert Eckhoff ligg i same område på Våland. Bygga står der den dag i dag, men spesielt teateret og muséet har fått fleire påbygg gjennom åra.

Bygdekyrkjer

Han teikna Sandeid kyrkje som blei vigsla i 1904, men Eckhoff hadde før det teikna kyrkja på Bjoa som stod ferdig i 1895, og dessutan Skånevik kyrkje i 1900. Ein kan sjå likskap mellom desse tre kyrkjene. Ein kan kalla Sandeid, Skånevik og Bjoa som bygg kor ein ser eit slektskap, men Ask kirke på Askøy er faktisk bygd etter teikningane frå Sandeid. Då må ein kalla dei søsterkyrkjer, noko ein òg kan sjå. Like tydeleg er det ikkje at det er same mann som har teikna kapellet i Fjæra i Åkrafjorden.

Vidare står Eckhoff bak kyrkjene i Eksingedalen og Nesheim i Vaksdal, Varhaug og Bore på Jæren, samt Haukedalen i Sunnfjord. Sandnes kyrkje er òg teikna av Eckhoff, men den er i tegl og er langt større enn bygdekyrkjene hans.

Torjus Tengesdal

Ein som er ulauseleg knytt til arkitekt Eckhoff er byggmeister Torjus Tengesdal frå Sand. Han sto for bygginga av mange av kyrkjene arkitekten teikna.

I boka som heiter «Ask kirke 100 år», skriven til jubiléet i 2008 av Tor Dag Kjosavik, står det at initiativtakarane på Askøy tok kontakt med fleire kyrkjebyggarar. Tengesdal fekk til slutt oppgåva med bruk av teikningane frå Sandeid, og dessutan løyve til å tilpassa dei noko.

I boka står det at to i komitéen som arbeidde med den komande kyrkja, reiste til Sandeid for å sjå på den nyreiste kyrkja der. Dei lokale kjøpmennene var Nils O. Aarskaug og Ole Eide som likte kva dei såg, men mellom anna meinte dei at det burde bli laga ein betre oppgang til galleriet og at det var upraktisk å ha sakristiet plassert bak koret. Det kom protestar mot dette fordi folk meinte at kyrkja ville få feil proporsjonar mellom lengde og breidde. Det enda likevel med at det blei slik dei to kjøpmennene ville ha det, og den største ulikskapen mellom kyrkjene i Ask og Sandeid er at Ask har eit åttekanta kor med dekorerte vindauga.

Staten sin bygningsinspeksjon fekk òg noko å seia, slik at det blei bygd to trapper opp til galleriet og breidda på galleriet blei auka.

Eckhoff si rolle er ikke nevnt i boka om Ask kirke, så ein kan tenka seg at han hadde selt teikningane til byggmeister Tengesdal. Sjølvsagt kan det òg ha vore at Tengedal betalte ein sum til Eckhoff som opphavsmann.



Sandeid kyrkje.



Ask kirke.



Skånevik kyrkje.



Bjoa kyrkje.

Ask kirke blei den siste av rundt femten kyrkjer han bygde. Han døydde 66 år gamal, berre ein månad etter at kyrkja på Askøy blei vigsla. Tengesdal var òg byggmeisteren som i 1887 bygde kyrkja i Skjold som brann ned i 1992 i et brannattentat, og han bygde kyrkjene på Bjoa og i Skånevik.

Arkitektur

Eckhoff teikna dei fleste kyrkjene sine i ei tid det var ein stilendring etter at kyrkjene bygd i første to tredelar av 1800-talet var mindre storslegne. Ein teori er at det kan ha vore haugianarrørsla som var årsaka til det. Då dei dominerte på denne tida skulle ikkje ting vera så prangande, og funksjonalitet var det viktige.

Dette er kanskje grunnen til at kyrkjene i Vats og Ølen ikkje har spir i vanleg forstand. Dei to kyrkjene er bygde etter same teikningar med nitten års mellomrom. Vats kyrkje vigsla i 1855 og Ølen kyrkje i 1874.

Ei av dei første kyrkjene Eckhoff teikna, Eksingedalen kyrkje som blei vigsla i 1883, viser at Eckhoff i starten som arkitekt òg var prega av moderasjon. Den kyrkja var i mur og stein, men det typiske var at den knapt hadde kyrkjespir. Rett nok er det kome seinare.

På Våland i Stavanger, nær fleire av dei markante bygga han teikna tidleg i yrkeslivet sitt, ligg Arkitekt Eckhoffs gate.



Bilete frå Ask kirke kor dei som kjenner kyrkja i Sandeid ser likskap.

Endringar

Kyrkja i Sandeid hadde ei stor oppussing i 1954 til femtiårs jubiléet. Ei viktig sak då var at dei gamle vindauga blei skifta ut til fordel for det som blei kalla katedralsvindauge. Det var ei gåve frå Agnes og Åsmund Børretzen. Det første orgelet kom i 1934 og det neste i 1959. Dette er orgelet som er på galleriet i kyrkja framleis, men i tillegg er det no eit mindre nede i kyrkjerommet. Til jubiléet blei det òg bygd ut to rom på kvar side av våpenhuset, toalett og kisterom, og det blei lagt inn elektrisk ljos.

Då kyrkja feira 75 år, skreiv dåverande biskop Sigurd Lunde i jubileumsheftet at Sandeid kyrkje ikkje er den eldste, ikkje den største eller arkitektonisk mest verdfulle, men at ho er vakker og ligg slik til at dei som køyrer forbi ikkje kan unngå å sjå kyrkja.

Kyrkja i Sandeid har òg eit anna interessant slektskap. Det har ikkje med Eckhoff eller Tengesdal å gjera, men målaren August Eiebakke. Han står nemleg bak altertavla i Sandeid. Den er ein kopi av Eilif Petersen sitt alterbilete i Jakob kirke i Oslo, i seinare år kjent som Kulturkirken Jakob.

Kopien i Sandeid er svært gjenkjenneleg i forhold til tavla i Oslo.

Jul og juletradisjonar

Av Anne Lise Døvik

Eg har spurt folk om kva dei meiner er spesielt med jula. Svara eg har fått er for det meste: mat, og ingen høgtider har så mange ulike matrettar som berre blir laga og servert i jula. For dei minste er det julegåver, samt familiære samlingar.

Det er mange tradisjonar i samband med julefeiringa. Heile huset måtte vaskast ned, alt måtte reingjerast, og «sølvtøyet» måtte pussast. Det var stor førebuing med mange ulike matrettar, til dømes sylteflesk og fenalår. Dravle måtte kokast og lepse måtte bakast. Og ikkje minst dei sju kakesortane måtte fyllast i tomme kakeboksar. Risengrynsgraut hadde me midt på dagen julaftan, som er og har vore tradisjon, medan middagen om kvelden kunne variera, alt etter kva ein fekk tak i. Det kunne vera torsk som ikkje alltid var mogleg å få, medan lutafisk òg var eit alternativ, men ikkje så populært blant dei minste familiemedlemmene. Heller ikkje for mor i huset, og det på grunn av «sølvtøyet» som var blankpussa. For etter at det hadde vore i bruk saman med lutafisken, var det ikkje blankt lenger. Det kunne òg vera at ein hadde kjøt av eit eller anna slag. Pinnekjøt og ribbe var ikkje vanleg før 1960-70 talet.

Ein liten historie om desse kakene som før var særs viktige, me var ikkje vant med så mykje kaker i oppveksten. Blant dei sju kakeslaga var dei vanlegaste: sirupsnippar, serinakaker, havreflarn, smultringar, (hjortetakk), krumkaker, berlinerkransar og peparneter. For dei fleste av oss var desse kakene som snop og kakeboksane måtte helst gøymast litt vekk, elles var dei tomme då jula kom. Mor mi hadde eit år laga ein kakesort me ikkje hadde hatt tidlegare, og dei var umåteleg gode, ja så gode at dei blei samanlikna med ei kvige far vår hadde kjøpt i Bjordal. «Skikkeleg god den bjordalskviga», difor blei desse kakene kalla for bjordalskviger, som dei heiter den dag i dag.



250 gr. sirup, 750 gr. sukker, 1 dsl. fløte, saft og revet skall av 1 sitron, 1 dråpe rosenolje, 500 gr. smør, 180 gr. mandler, 1250 gr. hvetemel, 3 toppede teskjeer hjortetakksalt, 4 ts. kanel, 2 ts. kardemomme.

Smørret smeltes og røres med sukkeret. Så irøres fløte, sirup, sitronskall og saft, så de skollede, hakkede mandler og rosenoljen. Mel, hevelse og krydder siktes på. Deigen står til næste dag. Trilles da ut til lange tynne pølser som skjæres i små stykker og settes på smurt plate med den overskårne side op. Stekes lysbrune.

Gammal oppskrift: Skorne pepparkaker.

Til slutt vil eg nemna eit anna høgdepunkt i samband med jul, som mange ikkje har opplevd. Me hadde halmmadrass i senga, og før jul kvart år fekk me ny halm. Å få ny, luftig og godluktande halm var verkeleg eit av dei store høgdepunkta fram mot julehøgtida.

«Sorga er ein kvit blom»

Informasjon av Elin Thorsen, Ølen og Bjoa sokneråd

Eit arrangement med Karoline Emmerhoff og Einar Bakke i Bjoa kyrkje og Vats kyrkje i februar 2027 datoane:
Måndag 8. februar i Vats kyrkje og Tysdag 9. februar i Bjoa kyrkje.
Billettpris kr 200.



Karoline Emmerhoff.



Einar Bakke.

Framføringa startar kl. 19.30. Kyrkjene opnar ein time før: kl. 18.30, slik at ein kan komme og falle til ro i kyrkja. Det blir enkel servering og høve til å kjøpe Karoline si bok «Eg har ikkje mor, eg» i førekant av framføringa.

Karoline Emmerhoff samarbeider med musikar Einar Bakke om å skape ei meditativ og varsam framføring av tekstar frå Karoline si bok. Einar Bakke set tonar til tekstane med piano og klassisk gitar. Tekstane handlar om å miste mor si, langsamt. Frå demenssjukdom kjem snikande, til mora ikkje greier å ta vare på seg sjølv. Det er som eit tåkelandskap har lagt seg rundt mora. Korleis møter dei kvarandre i denne fasen av livet? Dottera skildrar tida på sjukeheimen og det første året etter at mora døydde.

– I mitt kunstnariske arbeid er eg oppteken av allmenne og eksistensielle spørsmål, om kva det er å vere menneske. Slik sett er ikkje vegen så lang frå å forme i leire og tekstil til å finne ord, seier kunstnaren som har skrive si første bok.



Boka «Eg har ikkje mor, eg».

Kyrkja i Sandeid får eit finare inngangsparti

Tekst og bilde: Nils Tokheim

Kyrkja i Sandeid har sett litt dårleg ut dei siste åra rundt inngangspartiet. No blir det fiksa på.

– Det er midlar frå Vindafjord kyrkjelege fellesråd som no blir brukte til dette, seier soknerådsleiar Harald Olav Stuhaug.

Det er det lokale firmaet Sandeid Bygg og Vedlikehold som har oppdraget. Dei to tilsette, innehavar Asbjørn Larsen og Ola Vestbø, gjer jobben med å ta bort gamal kledning og gjera ein del førebyggjande arbeid under kledninga før ny kledning blir spikra på.

I tillegg blir dei små vindaugo i inngangspartiet renoverte og reparerte, og dessutan blir taket over inngangsdøra skifta. Det blir òg gjort tømrarfaglege utbetringar som gjer at kledninga skal halda i fleire år enn dei som no blir tatt bort, fuktige og med rote under.

Asbjørn Larsen har gjennom mange år hatt oppdrag på kyrkja, og han seier at ho etter denne utbetringa er i god stand.



Ola Vestbø (t.v.) og Asbjørn Larsen gjer opprustinga av kyrkja.

– Det var dette som mangla no etter at det blei gjort eit stort arbeid etter lynnedslaget og brannen i tårnet i 2017, seier Larsen.

Fram til våren vil det vera ein fargenyanse mellom gamal og ny kledning, men til våren skal det nye bli måla i same kvite farge som resten av kyrkja.

Ei stjerne skin i natt – julekonsertar med KORe' Vindafjord

Informasjon: Nils Erik Eide

Når adventstida nærmar seg og kyrkjene vert fylte med lys, song og forventning, er det igjen klart for dei tradisjonsrike julekonsertane med KORe' Vindafjord.

Koret, som vart stifta i 2007 og dermed går inn i sitt 20-årsjubileumsår i 2027, har gjennom mange år hatt som tradisjon å rullere mellom bygdene i Vindafjord. På den måten får fleire lokalsamfunn høve til å oppleve stemningsfulle julekonsertar i sine eigne kyrkjer.

I år er det **Vikebygd kyrkje** og **Ølen kyrkje** som får besøk av det kommunale koret. Her kan publikum vente seg ei varm og høgtidsstemt stund med vakker korsong, kjende og kjære julesongar, samt nokre flotte solistinnslag.

Ved pianoet og som dirigent finn vi **Lasse Jarmer**, som igjen skal leia koret gjennom eit variert og stemningsfullt program.

Jul handlar om fellesskap, glede og tradisjonar. Nettopp dette ønskjer KORe' Vindafjord å formidla gjennom musikken. Koret gler seg til å dela førjulsstemninga med publikum og håpar mange tek turen til kyrkjene for ei musikalsk oppleving som kan gje ro, ettertanke og ekte juleglede.

Vel møtt til *ei stjerne skin i natt!*

Konsertar:
- Vikebygd kyrkje
  30. november kl. 19.30
- Ølen kyrkje
  8. desember kl. 19.30

Billettar i døra:
- Vaksne: kr 250
- Barn: kr 100



STØTTEANNONSER



GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - joker.vikebygd@joker.no

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Ølen auto

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg

Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 Sør-Norge

Haugesund Sparebank

Ølen Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

• Gravferd • Gravstein

• Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379

olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

Støtteannonser

Har du ei bedrift som vil støtta kyrkjebladet med ei annonse? Ta kontakt med redaktøren, telefon 90873170.

GUDSTENESTELISTA

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Preiketekst
29/11/2026	Bjoa kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, Utdeling bok til 4-åringer og 5.kl Takkoffer: Norsk Søndagsskoleforbund	Luk 4,16-22a
29/11/2026	Skjold kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap	Luk 4,16-22a
29/11/2026	Vikebygd kyrkje	17:00	Lysmesse, Takkoffer: Norges KFUK-KFUM	Luk 4,16-22a
29/11/2026	Vikedal kyrkje	18:00	Lysmesse, Konfirmantane deltek. Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Luk 4,16-22a
06/12/2026	Sandeid kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Luk 21,27-36
06/12/2026	Skjold kyrkje	17:00	Lysmesse, Takkoffer: Norges KFUK-KFUM	Luk 21,27-36
06/12/2026	Bjoa kyrkje	17:00	Lysmesse, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 21,27-36
06/12/2026	Vats kyrkje	19:00	Lysmesse, Takkoffer: Norges KFUK-KFUM	Luk 21,27-36
06/12/2026	Ølen kyrkje	19:00	Lysmesse, Takkoffer: Norges KFUK-KFUM	Luk 21,27-36
13/12/2026	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste med søndagsskule, Takkoffer	Luk 3,7-18
24/12/2026	Imsland kyrkje	13:00	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
24/12/2026	Vikebygd kyrkje	13:00	Familiegudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12/2026	Vikedal kyrkje	14:30	Familiegudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12/2026	Skjold kyrkje	14:30	Familiegudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12/2026	Bjoa kyrkje	14:30	Familiegudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12/2026	Sandeid kyrkje	16:00	Familiegudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12/2026	Vats kyrkje	16:00	Familiegudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12/2026	Ølen kyrkje	16:00	Familiegudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
25/12/2026	Skjold kyrkje	12:00	Familiegudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Joh 1,1-14
25/12/2026	Ølen kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap	Joh 1,1-14
03/01/2027	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 2,40-52
10/01/2027	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Mark 1,3-11
10/01/2027	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Misjonsgudsteneste, Takkoffer	Mark 1,3-11
17/01/2027	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Joh 4,4-26
24/01/2027	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Mark 4,26-34
24/01/2027	Ølen kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer	Mark 4,26-34
31/01/2027	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Mark 9,2-13
07/02/2027	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste / Karnevalsgudsteneste Takkoffer	Joh 12,20-33
07/02/2027	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Joh 12,20-33
14/02/2027	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 16,21-23
14/02/2027	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 16,21-23
14/02/2027	Skjold kyrkje		Drop-In bryllup Valentinsdagen. Kontakt prestane for informasjon.	
21/02/2027	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 7,36-50
21/02/2027	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 7,36-50

Det kan bli endringar på oppsette gudstenester etter årsskiftet, så sjekk også: vindafjord.kyrkjer.no

FRÅ KYRKJEBOKA

BJOA

Døypte:
06.09.26 Liva Sandsgård

Vigde:
05.09.26 Ida Thomassen Solheim & Kenneth Solheim

ØLEN

Døypte:
20.09.26 Ella Soltveit-Skålnes
04.10.26 Hanne Risøy
04.10.26 Emrik Berge
04.10.26 Kasper Matre Rullestad
18.10.26 Nikija Sproge

Vigde:
15.08.26 Camilla Hardeland Haugland & Kent Andre Haugland
22.08.26 Sander Grønstad & Alina-Maria Ratoiu
19.09.26 Sofie Rødne Skjold & Jørgen Våg Skjold

IMSLAND

Døypte:
13.09.26 Vebjørn Imsland Hustad

Gravlagt:
06.10.26 Annfrid Ilstad

SANDEID

Døypte:
06.09.26 Amund Høyer Log
06.09.26 Storm Bjørnstad Backlund

Vigde:
10.10.26 Mathilde Gryte & Atle Vormestrand

Gravlagt:
02.10.26 Brynhild Karin Solberg
09.10.26 Leiv Magne Kambe

VIKEDAL

Døypte:
30.08.26 Johannes Vestbø
26.09.26 Josefine Bratli Imsland
27.09.26 Ingvar Espevold

SKJOLD

Døypte:
11.10.26 Sakarias Junior Eikeland Nesheim
11.10.26 Sigbjørn Bolset Moen
11.10.26 Tiril Blikra Heggen
11.10.26 Ask Isak Nonslid

Gravlagt:
18.08.26 Johan Bernhard Rabben f. 1936
02.10.26 Liv Grethe Grunnaleite Ødegård f. 1957

VATS

Døypte:
13.09.26 Johan Evjen Eidsheim
18.10.26 Kristian Sirnes Velde

Gravlagt:
11.08.26 Marta Marie Sørhus f. 1923
11.09.26 Magnhild Sofie Ihle f. 1935
09.10.26 Johannes Bjarne Eikesdal f. 1945

VIKEBYGD

Døypte:
20.09.26 Lukas Lindanger
20.09.26 Amanda Vårvik Kleiven
20.09.26 Athea Årvik Kalstveit

Gravlagt:
16.10.26 Birger Arthur Halvorsen f. 1929

Kyrkjetunet Ølen - www.kyrkjetunet.no/kalender

25.11.26	onsdag	19.00	The Chosen 5, - samling 4
29.11.26	søndag	19.00	Kveldssamling - Arne Lindekleiv (IMS)
03.12.26	torsdag	11-13	Torsdagstreff: julesangprogram
05.12.26	laurdag	19.00	Adventssamling, NMS
16.12.26	onsdag	19.00	Songkveld «Frå advent til jul»
09.01.27	laurdag	17.00	Nyttårsfest
13.01.27	onsdag	19.00	The Chosen 5 - samling 5
27.01.27	onsdag	19.00	The Chosen 5 - samling 6
04.02.27	torsdag	11-13	Torsdagstreff: Musikalske tonar; Lena og Jan Husebø
	tysdagar	19.00	Bønnemøte
Annakvar	torsdag	17.30	Øvingar: Soul Kids og Soul Children

Følg elles med på nettsida www.kyrkjetunet.no og Facebook-sida

Vågen bedehus - www.vaagenbedehus.no

21.11.26	laurdag	11.00	Julemesse
22.11.26	søndag	19.30	Kveldssamling v/Olav Eikemo, IMS
27.–28. 11.2026	fred.-laurd.	19.30	Møtehelg v/ Roald Evensen IMF
29.11.26	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule, R. Evensen IMF
06.12.26	søndag	19.30	Kveldssamling. Andakt v/ Sander Løge. Nattverd.
13.12.26	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule. Håvard Brekkå, NLM
24.12.26	torsdag	15.00	Høgtidssamling
03.01.27	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule
10.01.27	søndag	19.30	Kveldsmøte v/ Godt Nytt Bibelmisjon
17.01.27	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule
24.01.27	søndag	19.30	Kveldssamling

Øvre Vats bedehus

24.–29. 11.2026	tirsd.-sønd.	19.00	Lys over land
01.12.26	tysdag	11-13	Formiddagstreff
02.12.26	onsdag	19.00	NMS, «Venta og lengta» - Vats kyrkje
16.12.26	onsdag	19.00	Samemisjonen
28.12.26	måndag	14.00	Familiejuletrefest
06.01.27	onsdag	19.00	NMS, Hellige Tre Kongers fest
27.01.27	onsdag	19.00	Godt Nytt
02.02.27	tysdag	11-13	Formiddagstreff
17.02.27	onsdag	19.00	Samemisjonen
23.–28. 02.2027	tirsd.-sønd.	19.00	Lys over land

Ersland bedehus

27.12.26	søndag	18.00	Juletrefest

ARKEN bedehus

25.11.26	onsdag	17.00	Sprell Levende
27.11.26	fredag	19.00	Loftet
28.11.26	laurdag	14.00	Julemesse
30.11.26			Mannskoret øver
02.12.26	onsdag	19.00	NMS «Venta og lengta» - Vats kyrkje
04.12.26	fredag	19.30	Feedback - grautfest
06.12.26	søndag	19.00	Når vi kjem saman
09.12.26	onsdag	17.00	Sprell Levande juleavslutning
09.12.26	onsdag	19.00	Møte med NLM
12.12.26	laurdag	19.00	Feedback julebord
15.12.26	tysdag	19.00	Bibelundervisning
08.01.27	fredag	19.30	Feedback
13.01.27	onsdag	19.00	Møte v/ indre Sjømannsmisjon
20.01.27	onsdag	19.00	Normisjonskveld
29.01.27	fredag	19.00	Loftet
03.02.27	onsdag	19.00	Møte med Orientmisjonen
10.02.27	onsdag	19.00	Møte med NMS
26.02.27	fredag	19.00	Loftet

Vikebygd bedehus - Sjå og plakatar og Facebook-sida

02.12.26	onsdag	19.00	Adventsmøte
13.01.27	onsdag	19.30	Nyttårsmøte. Sjå oppslag
27.01.27	onsdag	19.30	Møte / Bilet – kveld. Sjå oppslag
10.02.27	onsdag	19.00	Mat og prat

Innbjoa bedehus

24.11.26	tysdag	17.30	Mini – Credo
02.12.26	onsdag	19.00	The Chosen
04.12.26	fredag	18-20	Credo
08.12.26	tysdag	17.30	Mini – Credo
	måndagar	18.30	Samlingar: bøn – nattverd – møte
	onsdagar	11.00	Bibelstudie og bøn

Brandøy Misjons- og konferansesenter

12.–14. 02.2027	fred.-sønd.	Brandøytreff, Leir for vaksne med utviklingshemming
26.–28. 02.2027	fred.-sønd.	Damehelg

Vikedal bedehus - Ungdomsklubben

20.11.26	fredag	18-22	Klubbkveld
18.12.26	fredag	18-22	Klubbkveld

Imsland kyrkje

31.01.27	torsdag	18.00	Guri og Kjell Ravatn kjem. Matøkt til slutt.

Vikebygd bedehus Adventsmøte
2. des kl. 19.00
Me syng i lag og Ingrid Mathilde les.

Vikebygd kyrkje
30. nov kl. 19.30
Julekonsert med KORe' Vindafjord. Sjå side 11.

Vats kyrkje
2. des kl. 19.00
Venta og lengta, Konsert v/ familien Meling.

Ølen kyrkje
8. des kl. 19.30
Julekonsert med KORe' Vindafjord. Sjå side 11.

Sandeid kyrkje
9. des kl. 19.00



Førjulskveld med samtalar, songinnslag og allsong rundt tema: Jul, forventingar og sakn. Hilde og Frank. Soknerådet.
- Vaksne kr 200
- Born kr 100

Vikebygd kyrkje
10. des kl. 19.00
Julekonsert v/ Jone og Lars Bernhardt Ølberg.

Bjoa kyrkje
12. des kl. 18.00
Konsert ved Thomas og Sarah Aanensen.

Sandeid kyrkje
15. des kl. 19.00
Julekonsert v/ Jone og Lars Bernhardt Ølberg.

Skjold kyrkje
20. des kl. 16.00 og 18.30
To julekonsertar med Julekoret; Skjold, Vats og Vik barnekor (kl. 16.00); orgel ved Lars Martin Velde, songinnslag frå Irene og Eline Sørhus; og Stian Velde med band.

Skjold kyrkje
22. des kl. 19.00



Julekonserten: "Nesten jul" med André Nesheim.

Bjoa kyrkje
12. des kl. 18.00



Julekonsert med søskenparet Thomas og Sarah Aanensen. Dei framfører kjende og tradisjonelle låtar som høyrer jula til, samtidig som det også blir eit dryss av countrypreg denne kvelden. Vi ønskjer å spreie julegleda i bygda og håpar at DU får muligheit til å komme.
- Billett 200 kr. pr. person
- Betalast ved inngangsdøra (Vipps/kontant)

JULEKOR i Skjold kyrkje 2026



Tradisjonen tru: Julekor og julekonsert i Skjold står på programmet i år også. Det blir to julekonsertar i Skjold kyrkje søndag 20. desember.
Frå 9. november øver årets «Prosjektkor» kvar måndag kl. 19–21 i Skjold kyrkje, pluss øvingsdag laurdag 19. desember. Alle som er vil vera med er hjarteleg velkomne (frå 8. kl. oppover). Bli gjerne med, det er berre å møte opp!

Helsing julekonsert-komiteen, v/Kari Synnøve Velde Haugen.

Velkommen til fine julekonsertar i Vikebygd og Sandeid!



Songaren Leif Jone Ølberg har også i år julekonsert-turnè rundt om i Rogaland. Far hans, Lars Bernhardt Ølberg, spelar orgel og piano til. Dette året er det kyrkjene i Vikebygd og Sandeid. Leif Jone tek også fram fiolinen sin og ukulelen. Julekonserten dette året har tittelen: "Velsigna du dag over fjordan" etter den kjende nordnorske julesalmen som er blitt ein av dei mest sungne julesongane dei siste åra. Med sin varme og uttrykksfulle stemme løftar Leif Jone fram denne salmen, saman med kjende og kjære julesongar, nyare songar og annan julemusikk. Den folkekjære "O helga natt" blir eit naturleg høgdepunkt.

Leif Jone Ølberg som har si utdanning frå Stavanger, London og København, har omfattande internasjonal erfaring frå både opera og konsertsal. Han har sunge store operaroller og er mykje brukt som solist i dei store verka av Bach og Händel, men syng like gjerne på mindre stader, særleg kyrkjekonsertar.

"Med si varme og kraftfulle stemme treff han publikum rett i hjartet."
Vel møtt til stemningsfylte julekonsertar i Vikebygd og Sandeid!

Billettar kr 300,-
www.melodypipe.com
eller kontant/VIPPS i døra.

Sevenjentene – Verdifull konsert

Tekst og foto: Kjell Sigmund Bakke

Laurdag 17. oktober fekk Ølen kyrkje besøk av song-, dans- og bibelhistoriegruppa: Sevenjentene. Her hadde dei ein konsert der også born frå tre lokale barnekor deltok til glede for dei 80-90 som fann seg plass i kyrkjebenkene.



Sevenjentene saman med born frå Etne Soul Children, Vindafjord Soul Children og Skjold Barnekor.

Gruppa oppstod opphaveleg i Drammens-området i 2001 og var den gong samansett av sju jenter som også er bakgrunnen for namnet: Seven-jentene. I dag har konseptet vorte utvida og inkluderer over 20 jenter frå forskjellige stader, i alderen frå 10 til 18 år. Dei byter på å reisa rundt og holda framføringar om trua, livet, bibelen og andre ting som gjeld oss menneskje. Dei som deltok i Ølen kyrkje var frå Agder og Rogaland og presenterte denne laurdagen deira «Verdifull konsert». Gjennom mange flotte songar og bibelhistorier, var bodskapen klar: I Guds auge er vi heilt perfekte. Kvar einaste ein av oss er verdifull. Vi er viktig, og vi er elska.

Med seg i Ølen kyrkje hadde dei tre barnekor: Vindafjord Soul Children, Etne Soul Children og Skjold Barnekor. Ved hjelp av eit heilt nytt lydanlegg i kyrkja, leverte dei unge artistane den kristne bodskapen gjennom nydelege barnetonar. Konserten med Sevenjentene i Ølen passa bra for både dei godt vaksne og dagens ungdom. Det er ein fin måte å nå ut til eit breiare publikum på og kan hjelpa til å trekka dagens ungdom nærare kyrkja. Slike konserter kunne det vore fleire av. Takk til alle i Sevenjentene for at dei kunne koma til Vindafjord og syngja for oss denne laurdagen. Takk også til dei tre lokale barnekora som deltok.



Sevenjentene: Sara Gilje Svela, Mari Engesæther, Ella Hægeland, Tomina Hægeland, Marielle Honnemyr, Thea Elisabeth Sæthre og Rakel Fjelde.

Barnekora ynskjer fleire medlemmer

Er det fleire born som vil bli med i kor? Kontakt Gunnhild Marie Osaland (Tlf 916 92 821) i Vindafjord Soul Children og Vindafjord Soul Kids,eller Ingrid Tveit (Tlf 416 88 502) i «Barnekoret Skjold, Vats og Vikebygd» (4 år-4.klasse), eller Songgruppa for dei frå 9 år og oppover.

Drop-in bryllaup 14. februar

I 2027 blir drop-in bryllaup i kyrkja i Skjold på Valentinsdagen 14. februar. Like høgtideleg og like fint, berre litt enklare. Nærare informasjon kan ein få ved å venda seg til prestane eller kyrkjekontoret.

Andaktstelefonen
380 91700
Tjenesten er gratis
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 18. februar 2027.

Frist for levering av stoff er 11. januar.